

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 16.05.2017

SAKSHANDSAMAR: Terje Olav Øen

SAKA GJELD: **Status beredskapsarbeid i Helse Førde - handlingsplan 2017-2018**

ARKIVSAK: 2013/6135

STYRESAK: **048/2017**

STYREMØTE: **06.06.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om beredskapsarbeidet til vitande.

Oppsummering

Gjennomgang av beredskapsarbeidet i Helse Førde er i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar. Intern kontroll frå Helse Vest avdekka ikkje manglar.

Organisasjonen har mykje erfaring knytt til beredskapshendingar og lærer av dette. Planverk og beredskapssystem er i ferd med å bli revidert ut frå endringsbehov.

Fakta

Adm.dir. rapporterar årleg på beredskapsarbeidet i helseføretaket. Styrande for arbeidet er regional beredskapsplan og årleg oppdragsdokument, samt avtalefesta samhandling med kommunane og lovkrav.

Helse Førde vert representert ved beredskapssjefen i

- regionalt beredskapsutval i Helse Vest,
- nasjonale beredskapssamlingar mellom RHF-a.
- lokal redningssentral sin stab (Sogn og Fjordane)
 - o Denne vert lagt ned nov. 2017 og Helse Bergen representerar også Sogn og Fjordane i LRS Vest politidistrikt
- fylkesberedskapsutvalet
- politimeistaren sitt øvingsutvalet (saman med repr. frå prehospital verksemd)

Det er gjennomført planmøte med alle kommunane i Nordfjord og deler av Sunnfjord i samsvar med avtale. Det er gjennomført ei øving med beredskapsleiinga i Gloppen og Eid kommune, Firda vgs, fylkeskommunen og repr. frå beredskapsleiinga i Helse Førde.

Det igjen står tre kommuneøvingar hausten 2017, ein av desse (Stryn/Hornindal) er tenkt gjennomført samstundes som innsatsleiarkurs for nødetatane i Nordfjord .

Vidare er det gjennomført mindre speløvingar med IKT stab. Det er planlagt fleire table-top øvingar i 2017 for ulike delar av organisasjonen, der også miljøvern skal øvast (jf. sertifiseringskrav).

Det vert arbeidd med ein øvingsplan – årshjul – for beredskapsarbeidet som skal vere rullerande og omfatte alle einingane i helseføretaket.

Hendingar er også siste året knytt til ekstremvær, IKT utfall og tunnelulukker. Alle hendingane vert evaluert og adm. direktør har etter råd frå beredskapsutvalet starta endringstiltak for planverk knytt til beredskapsorganisasjonen og beredskapsleiing. Dette arbeidet er forventa slutført i 2017.

Det er også starta revisjon av ROS-analyser og planverk, først og fremst knytt til brannvern, bortfall av straum, vatn og IKT tenester. Planverk for forsyningsteneste (tekstil og matvarer) er i oppstartsfase. Forsyningstryggleik for medisinsk utstyr og produkt vert arbeidd med på ulike plan i Helse Vest, og her er det ein del utfordringar som må løysast. Dette er knytt til sårbare produksjonslinjer frå eksterne leverandørar, fordeling av ressursar ved knapphet m.m.

Internkontrollen i Helse Vest hadde tilsyn med beredskapordninga hausten 2016 og har ikkje meld om avvik tilbake til helseføretaket.

Arbeidet knytt til avtale om innsats i grensenæreområde mellom Helse Førde og Helse Bergen er slutført. Endeleg avtale er ikkje underskriven, men ein er samde om føresetnadane.

Det er siste år etablert rom for beredskapsleiing og stab i prehospitalt bygg med kommunikasjonsløyser for nødnett, satelittelefon, telefoni, video og datakommunikasjon.

Det er under etablering nødnett og videoutstyr knytt til beredskapsrom for beredskapsleiing på Eid og i Lærdal. Alle sjukehus har siste året hatt nødnett i drift i tillegg til satellitt og videokommunikasjon.

Varslingsløyser for helseføretaket under eitt skal gjerast meir straumlinjeforma, og planen er å bruke UMS (Unified Message System) og HelseCim til dette. Løyser har vore i bruk fleire år for delar av organisasjonen, men målet er få all varslingsløyser til ordna desse løyserane. Dette gjev effektiv varslingsløyser og kvittering for kva ressursar ein disponerer ved ekstraordinære hendingar.

Helse Førde deltek i varslingsøvingar i regi av regionalt beredskapsutval.

Revisjon av smittevernplan tok til 2015, men er sett på vent inntil regional plan er ferdigstilt.

Helse Førde har i oppdrag å innføre nytt leiingssystem ved innsats saman med dei andre nødetatane. Dette arbeidet vert samordna i Helse Vest og truleg iverksett i løpet av hausten etter at nødvendig opplæring er gjeve.

Det er også sett i verk arbeid med CBRNE-beredskap, og beredskapssjef har deltatt ved nasjonalt seminar om dette. Dette krev godt samarbeid med kommunane, særskild brann og redningskorpsa. Her er det ein del utfordringa å gå vidare med. Internt skal det etablerast saneringsgrupper med helsepersonell, og vi får ny saneringsstad ved FFS under påbygg Aust.

Det skal gjennomførast saneringsøving saman med nasjonalt CBRNE-senter ved Oslo Universitetssykehus. Det vart gjort utsjekk av ein del personell sist sommar, og fleire skal gjennomføre dette.

Kommentarar

Det er naudsynt å heile tida gjere forbetningsarbeid knytt til beredskap i helseføretaket. Beredskapsplanen vert difor gjennomgått med tanke på organisering av leiing og struktur, samt godkjenning av delplanar og avdelingsplanar. Dette for at varslingskjedar og ansvarsmatrise vert tydeleggjort.

Det er vanskeleg å få gjennomført nokre av dei planlagde øvingar, og dette vert forsøkt ordna gjennom øvingsplan med lengre tidshorisont. Erfaringsvis er det mykje læring i korte table-top øvingar med aktuelle problemområder. Øvingar i Helse Førde, interne og med samarbeidspartar må i større grad samordnast, evaluerast og gje læring i organisasjonen, som også vert delt til med andre.

Samarbeidsøvingar med kommunane gjev god rolle- og ansvarsforståing, og må omfatte alle kommunale beredskapsoppgåver, då vi som helseføretak har utfordringar knytt til innsats på skadestad, bortfall av infrastruktur (kommunikasjon, straum, vegsamband). Erfaringar frå møte med kommunal beredskapsleiing har hittil vore svært god og opplysende.

Helse Førde har gode føresetnader for å handtere kriser og beredskapshendingar, og kunnskap om dei område som vi må dyktiggjere oss på. På bakgrunn av ROS-analyser er vi også i ferd med å bygge opp eit risikobilete, som vert førande for bøtande tiltak.

Helse Førde har lagt koordinering av beredskapsarbeidet til beredskapssjefen. Han har også vore frikjøpt i inntil 50% stilling til nødnettarbeid i Helse Vest. Dette har gjeve redusert arbeidskapasitet i ein periode, då ein ikkje har sett inn andre ressursar i arbeidet.

Arbeidsplan 2017-2018

Basert på Helse Vest sin plan og rammer for arbeidet, samt ei overordna tilnærming til utfordringar vi kan bli sett til å handtere, ynskjer adm. direktør å vektlegge dette i arbeidet 2017 og 2018:

- Fortsette arbeidet med reviderte krav til beredskapsplan og beredskapsplanlegging i organisasjonen.
- Sikre gjennomføring av ROS-analyser for prioriterte område i organisasjonen.
- Sette i verk gode varslingsordningar for innkalling av personell i Helse Førde.
- Ferdigstille sikre kommunikasjonsløyser og innføring av nødnett i akuttmedisinske team og beredskapsorganisasjon i samsvar med endeleg vedtak i HV RHF.
- Delta aktiv i forbetningsarbeid kring revisjon av lagerhald av legemiddel, antidot og infusjon.
- Saman med innkjøpsorganisasjon sikre forsyningstenesta (mat-, tøy- og ein gangs utstyr) ved sjukehusa våre.
- Halde fram med CBRNE¹-beredskapsarbeid med bakgrunn i revidert nasjonal plan (2017).
- Kontinuerleg arbeid med auka skal-sikring og objektvern
- Halde fram arbeidet med beredskapsplan for smittevern når regional plan er godkjend.
- Iversette tiltak for felles planarbeid knytt til samhandling med helseføretaka i Møre og Romsdal, Oppland og Buskerud vedrørende felles grenseområde.

Konklusjon

Beredskapsarbeidet i Helse Førde er i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar.

¹ CBRNE: Hendingar som oppstår med kjemikalie, biologiske agens, radioaktiv stråling, kjernefysisk materiale og eksplosiver

Organisasjonen har mykje erfaring i beredskapshendingar og lærer av dette. Planverk og beredskapssystem er i ferd med å bli revidert ut frå endringsbehov.